KURSPLAN

Skriveverkstedet – Forfatter og skrivekunst

Formål

På skrivelinja skal elevane prøve ut og bli kjent med sine litterære stemmer og vidareutvikle sine evner innan kreativ, skapande skriving i alle sjangrar. Skjønnlitteratur og kunst er ein viktig del av den allmenne danninga i samfunnet, og gjer oss blant anna i stand til å reflektere over kva det er å vere menneske. I løpet av året vil elevane bli i stand til å trekke opp linjene mellom dei eldste, store forteljingane, som ulike mytologiar og religiøse skapelseshistorier, og den heilt nyskrivne litteraturen slik vi møter den i dag. Parallelt med at vi i felleskap reflekterer over litteraturens rolle, vil deira eigne, nyskrivne tekstar stå i fokus i undervisninga. Slik gjer alle dei fire kompetanseområda til skulen seg gjeldande som viktige element i både teori og praksis gjennom året.

Fagleg utbytte

Elevane får praktisk skriveerfaring og ei fagleg innføring i alle dei litterære hovudsjangrane, altså dramatikk, poesi, kortare og lengre prosa (noveller, korttekstar og roman). Dei får følgje eigne og medelevar sine tekstar frå idé til ferdig verk som blir framført på scene og trykt som publikasjon i eigen antologi, og vil også få høve til å framføre eigne tekstar i andre samanhengar. Elevane vil få auka innsikt i korleis den litterære offentlegheita føregår, med innføring i korleis bokbransjen fungerer og vegen frå innsendt manus til forlag fram til trykkeklar bok. Gjennom grundige tekstsamtalar i plenum, vil alle oppleve auka forståing for korleis ein tekst kan ha mange ulike tydingsrom og tolkingsmoglegheiter. Alle vil utvikle leseferdigheitene og si eiga litterære røyst sine gjennom året, og det vil bli lagt stor vekt på respekt og openheit i møte med både eigne og medelevar sine tekstar, uavhengig av kva erfaring ein har når ein startar.

Innhhald og arbeidsmåtar

- Alle får prøve å skrive eigne tekstar innan dei litterære hovudsjangrane dramatikk, poesi og prosa og få tilbakemelding på desse frå medelevar og lærar, både i tilbakemeldingsrundar i plenum og i individuelle rettleiingar med lærar
- Undervisinga vil stort sett vere lagt opp slik at ein først har ein sjangerintroduksjon og deretter går over til eigen skapande praksis
- Det vil bli lagt stor vekt på eleven si eiga litterære røyst, særpreg og interesser
- I samarbeid med andre linjer vil alle få høve til å skrive scenetekst som blir framført på scena av revy og teater
- I samarbeid med filosof vil alle få høve til å lage og utgi ein eigen antologi

- Vi vil ha fleire ekskursjonar og bli kjent med det litterære feltet i Bergen og på Vestlandet, mellom anna ved å gå på teater, på Debutantkveld på Litteraturhuset, på Slampoesi-aften på Litteraturhuset og få besøk av dramaturg/skodespelar frå DNS og/eller ein forfattar/dramatikar, så vel som å gå på minst eitt litterært opplesingsarrangement saman i løpet av året.

Danning, demokrati og medborgarskap

Å uttrykke seg kreativt og fritt gjennom skrift slik skjønnlitteraturen gjer innbyr til refleksjon og etisk tenking på fleire måtar, både individuelt og på gruppenivå. I klassen må alle bidra for at rommet skal bli ein trygg stad å uttrykke nye, uutprøvde tekstar i prosess. Forsking viser at det å lese er ein effektiv måte å auke empatien vår på. Lesing og skriving heng nøye saman, og å skrive har eit stort erkjenningspotensiale der omgrep som truverdigheit og sanning er viktige, både i den store samanhengen, der litteraturen held fram ein spegel for oss som samfunn og gjer det lettare å granske oss sjølv utanfrå, og i mindre samanhengar, som i klasserommet når vi møter medelevar. Med demokrati under press er det å utvikle kritisk lesing sentralt, og det same gjeld det å kunne utvikle eit mest mogleg presist språk. Ein viktig del av året er å dyrke fram eit mangfald av litterære uttrykk blant elevane, og styrke kvar og ein sitt kunstneriske særpreg.

Elevmedvirkning og vurdering

Eleven er aktiv i sitt eget folkehøgskoleår gjennom:

- medvirkning i prosjekter og innhold
- egenvurdering og refleksjonssamtaler
- vurdering og refleksjon gjennom dialog

Forventa utvikling

Etter eit år på skriveverkstaden vil elevane ha vidareutvikla sine eigne litterære stemmer uavhengig av nivå ved oppstarten, og ha fått større innsikt i sin eigen kreative prosess. Dei vil ha fått viktige verktøy for korleis dei sjølv kan strukturere den kreative prosessen, og gjennom å delta i eit levande skrivefelleskap vil dei ha fått innsikt i ulike lesemåtar- og metodar for det å skrive kreativt. I tillegg vil dei sitje på større kunnskap og innsikt i korleis den litterære offentlegheita fungerer, både når det gjeld bokbransjen og andre aktørar som til dømes teater- og scenekunstfeltet. Dei vil ha verdifull kompetanse når det gjeld vegen frå idé fram til ferdig bok, korleis ein fullfører større prosjekt og ikkje minst vil dei ha fått stor innsikt i den tekniske delen av skrivehandverket gjennom å gå grundig inn i alle sidene av ein kreativ prosess.